

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.01.2016

Vår ref.: 201106501-10

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Anne Johanne Rognstad

Svorte kraftverk AS – Søknad om løyve til å byggje Svorte kraftverk i Hjartdal kommune i Telemark – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Svorte kraftverk AS datert 23.12.2015, om løyve til å byggje Svorte kraftverk i Hjartdal kommune.

Svorte kraftverk vil nytte eit fall på 86 m frå inntaket på 292 moh. til kraftstasjonen 206 moh. Tilløpsrøret blir 2600 m langt, og er planlagt nedgrave på sørsida av Svorte. Det må byggast ny permanent veg for tilkomst til inntaket på 70 m frå eksisterande vegnett. Middelvassføringa er 0,7 m³/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,5 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,05 MW, med ein estimert årsproduksjon på 3,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2,7 km lang elvestrekning i Svorte. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 50 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Svorte kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjerings ligg ved.

NVE ber Hjartdal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicekontoret i Hjartdal kommune fram til **18.03.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **18.03.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Anne Johanne Rognstad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kunngjering
Orientering til høyringspartane
Orientering til søker
Søknader (til kommunen)

Mottakerliste:

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for Natur og Friluftsliv Telemark
Fylkesmannen i Telemark
Hjartdal Elverk AS
Hjartdal kommune
Naturvernforbundet i Telemark
NJFF – Telemark
Norges Miljøvernforbund
Notodden Turlag
Skagerak Nett AS v/Tor Eriksen
Statens vegvesen - Region sør
Svorte Kraftverk AS
Telemark fylkeskommune
Telemark Turistforening